

Bømlo

2013



JUBILEUMSHELGA 2013

31. MAI-2. JUNI 2013

Bømlo kommune – ein livskraftig jubilant



Odd Harald Hovland
Ordførar

50 år er ingen spesielt høg alder for ein kommune, men det er utan tvil ein milepæl. Når ein passerer 50 år, er det tid for å oppsummere, finne ut kor ein faktisk er, – og sjå frametter.

I dag er Bømlo ein kommune som nærmar seg 12 000 innbyggjarar mot litt over 8 000 i 1963.

Bømlo er ein kommune der vår historie som øybuuar i kombinasjon med målretta satsing på næringsutvikling, samferdsel og kultur,

har bygd opp ei enormt sterk tru på eigne krefter. Kommune, næringsliv og kulturliv er medspelarar og samarbeidspartar. Det er ein kommune som er offensiv og livskraftig, og der optimisme og stoltheit rår. Slagordet «driftige folk i vakker natur» kler kommunen særst godt.

Eg ser i dag ein kommune der det fins kreativitet og innsatsvilje, ein kommune der dugnadsanden framleis lever. Klarar me å dyrke desse positive eigenskapane vidare, står me svært godt rusta til å takle dei neste 50 åra.

Gratulerer med 50 gode år!

Bømlo – ein god stad å leva og vera. Med sterke kulturtradisjonar ynskjer Bømlo Teater å bidra til å formidle vår nære og fjerne historie. Bømloteateret, med si 40 årige historie, var tufta på visjonen «å byggje Bømlo». Bømlingane har vist vilje og mot – ja, nokre vil nok og til tider kalle det overmot, i si ferd mot det felles mål å skapa teater! Utan kreative eldsjeler, men og ivrige tilhengjarar, trur eg ikkje kulturlivet i kommunen vår kunne vore der det er i dag.

Bømlo Teater takkar for oppdraget som arrangør av jubileumskonserten. Me håpar dette blir ei oppleving som gjer bømlingane stolte!

I tillegg til støtte frå Bømlo Kommune og Hordaland Fylkeskommune, er det støtte frå våre sponsorar, og primært hovudsponsorane som gjer vårt offensive kulturarbeid på Bømlo mogleg. Me skuldar desse ei stor takk!



Linda Hellen
Styreleiar Bømlo Teater

BØMLO TEATER SINE HOVUDSPONSORAR:




JUBILEUMSKONSERTEN Mitt Bømlo er...

MOSTER AMFI 1. JUNI KL 20.00

50-årsjubileet vert feira med ymse arrangement gjennom heile 2013, men hovudmarkeringa vert lagt til konserten i Moster Amfi 1. juni kl. 20.00. Kenneth Sivertsens mangslungne og vakre musikk vert då spela av musikkarar, kor og korps frå Bømlo, og representantar frå dei mange lag og organisasjonar på øya vil helse jubilanten med utgangspunkt i orda «Mitt Bømlo er...»

Vel møtt til ei feststund med vakker bømlo musikk og gode ord både til og om kommunen vår!


Havdur
Moster skulekorps
Mostraspelsorkesteret v/dir. Trond Husebø
Kantoriet
Sigurd Sele
Heine Totland
Bjørn Seglem
Arvid Mikkelsen
Arne Kvarven
Ingrid Mjanger Molde
Anja G. Stavland
Elevar v/Bømlo Kulturskule
Eivind Hope
Unni Hilt
Joakim Vikanes
Ina Celise Sortland
Owe Håstø og Jarle Kristoffersen
Rolf Martin Haldorsen
Frode Kvandal
Frode Sæverud
Hans Olav Molde
Hanne Bergheim



Sigurd Sele



Unni Hilt



Heine Totland



PROGRAM FOR

Jubileumshelga Bømlo 2013

MOSTER, 31. MAI-2. JUNI 2013

 BØMLO TEATER

 MOSTER
GRENDAUTVAL

Fredag 31. mai

- 11.00 MOSTRASPELET – skuleframsyning i Moster Amfi
- 17.00 Festivalen opnar
- 17.30 Keramikkutstilling v/Sarah Reed, Tollkjellaren
- 17.00 Ungdomsjam på Dahlaneset.
- 18.30 Opning ikonutstilling – Lars Slettebø og Ioan Avramescu i Moster gml. kyrkje.
- 19.00 Dans «Å la falle. Å reise seg att», Marit Loe Bjørnstad, Kyrkjestølen.
- 20.30 Revy «Fyrrige kvende og friborne menn», Bømlo Revylag, Dahlaneset Allsong og livemusikk etter revyen.

Laurdag 1. juni

- 12.00 Litle Torolv, premiere i Miniamfiet v/ Barne- og familieteateret
- 13.00 Historisk foredrag – Svein Tindberg i Moster gamle kyrkje
- 13.30 Forestilling Litle Torolv, Miniamfiet
- 14.15 Barnekor v/Salem og Sion i Mostratunet
- 15.00 MOSTRASPELET – Premiere v/Bømlo Teater i Moster Amfi
- 17.30 Aktivitetar i Mostratunet og i Tollhagen
- 20.00 JUBILEUMSKONSERT Bømlo2013
- 22.00 Bryggedans på Dahlaneset

Søndag 2. juni

- 11.00 Gudsteneste i Moster Amfi
Utdeling Tora Mostrastongprisen til Sunniva Gylver i etterkant av gudstjenesta
- 12.30 Forestilling Litle Torolv, Miniamfiet
- 14.00 MOSTRASPELET – forestilling i Moster Amfi
- 18.00 Festivalen sluttar





MOSTRASPELET

EI KULTURHISTORISK OPPLEVING

30 ÅR



MANUS: **JOHANNES HEGGLAND**
MUSIKK: **KJELL HABBESTAD**

Heine Larsen og Anna Rolvsnes, to talentfulle ungdommar frå Bømlo, kler i år rollene som kjærastparet Torolf og Vigdis som blir skilde av det gjennomgripande kulturskiftet som fann stad då åsatru skulle bytast ut med kristendomen rundt år 1000.

60 skodespelarar og eit stort symfoniorkester tek deg tilbake til då Olav Tryggvason steig iland her i år 995 og 997 for å pålegge folket kristendomen og byggje ei kyrkje, og då Heilag Olav i 1024 presenterte Kristenretten her for fyrste gong i landet.

Manuset er bygd på Snorres Kongesoger og Gulatingslova.

Framsyningar:

Fredag 31. mai kl. 11: Skuleframsyning
Laurdag 1. juni kl. 15: Premiere
Sundag 2. juni kl. 14: Forestilling

Billetter i sal på www.scanticket.no og www.bomlo.net
samt i bilettbua v/inngongen til Moster Amfi.
Meir informasjon på www.bomlotheater.no

I TILLEGG TIL BØMLO TEATER SINE HOVDSPONSORAR
STØTTAR DESSE MOSTRASPELET 2013:



Steinsbø



BØMLO TEATER

Billetter i sal på www.bomlo.net samt
i bilettbua v/inngongen til Moster Amfi.



Litle Torolv

MANUS: **NINA SELE**
MUSIKK: **HANS OLAV MOLDE**

Familieframsyninga Litle Torolv handlar om hovudpersonen i Mostraspelet og hans barndomsår på Moster. Torolv er 12 år gammal då ei dramatisk hending i hans liv gjev oss eit innblikk i den norrøne mytologien.

Framsyningar:

Laurdag kl. 12.00 og 13.30
Sundag kl. 13.00

Forestillinga varer i 45 min.

Sideprogram

Foredrag

Foredrag av Svein Tindberg i Moster gamle kyrkje, bygd rundt Mostraspelet, hans forestillingar med bibelsk tematikk samt dagens tilsynelatande religionskonfliktar.




Danseforestilling

Danseforestillinga «Å falle. Å reise seg att» ved dansar og koreograf Marit Loe Bjørnstad.



Mat

Tollhagen Restaurant.
Velkomen!




Revy

Revyen «Fyrrige kvende og friborne menn», Bømlø Revylag, Dahlaneset.



Ikonutstilling

Lars Slettebø og Ioan Avramescu i Moster gml. kyrkje.



Utstillinger

Utstilling av keramiker Sarah Reed i Tollhagekjellaren og av Janne Robberstad i Moster Amfi.



Vikingleir

Vikingleir med Vikingklubben Karmøy, mellom gamlekyrkja og Amfi



Grindhusbygging

Grindhusbygging ved Kjell Erling Digernes.



Andre aktivitetar

- Grill i Mostratunet
- Marmorsliping i Mostratunet
- Bubiltreff – parkering på Dahlaneset
- Båtkonvoi til Moster, Båttreff – ring havnesjef Terje, tlf 474 86 755
- Kulturløype
- Havnekafeen er open
- Aktivitetar for born og unge i Gruveparken
- Kystkulturutstilling i Havnekafeen

 **Aasen Shipping AS**



Religionshistorisk utstilling

Utstillinga «Frå heidendom til kristendom» i Moster Amfi er ei tankevekkjande vandring gjennom den norrøne mytologien, samfunnet i vikingtida og overgangen til kristen tru og livsforståing.



Omvisingstider:
26. mai-23. juni:
Søndag kl. 13,14,15 og 16.

24. juni-4. august:
Måndag-laurdag: Kl. 12,13,14,15 og 16.
Søndag: Kl. 13,14,15 og 16.



Gjennom 10.000 år har det vore bergverksdrift på Bømlø. Utstillinga presenterer sju ulike bergartar, mineral og metall som er utvunne på Bømlø frå steinalderen til moderne tid.

Utstillinga er i tunnelen bak Moster Amfi.

Tora Mostrastongprisen

TORASEMINARET 2013 vert halde laurdag 1. juni kl 1700 i Langevåg Bygdetun. Foredragshaldarane er prisvinnar i 2012, sjef for Opera Bergen Anne Randine Øverby, og prest og forfatter Sunniva Gylver, prisvinnar i 2013. Seminaret er ope for alle, bill.pris kr. 150,-. Søndag 2. juni etter gudstenesta i Moster Amfi får Sunniva Gylver tildelt Tora Mostrastongprisen for 2013.



Sunniva Gylver.



Mostrajenta Tora Mostrastong var mor til Håkon den Gode Adalsteinsfostre, son til Harald Hårfagre. Statuen og statuetten er laga av Arne Mæland.



BØMLO TEATER PRESENTERER

West Side Story

Musikk av Leonard Bernstein. Tekst av Stephen Sondheim. Basert på Shakespeare's Romeo og Juliet

- Velkomen til ei magisk oppleving til neste år!

KJEM I 2014!

Moster Amfi
6.-17. august 2014



Slåtterøy fyr.



50 år i 2013

Namnet Bømlo kjem av norrønt Bymbil som skal kome frå ordet «bembel», navle eller mage. I denne samanhengen er det truleg meint i tydinga tjukk, oppsvollen som spelar på formasjonen på Siggjo som ragar 474 moh. Siggjo med si karakteristiske form har vore eit seglingsmerke til alle tider, og er motivet me har vald til logoen for jubileumsåret 2013. Finnås kommune omfatta frå 1838 til 1916 det som i dag er Bømlo kommune, og fram til 1852 også nordre delen av Sveio. Finnås var namnet på prestegarden til Finnås prestegjeld, plassert midt på Bømlo. Med både lege-, lensmannskontor, prestegard og telegrafstasjon langs Kanalen, var Finnås senteret i kommunen. Kyrkjene i Bømlo kommune høyrer framleis til Finnås prestegjeld, men 1. juli 1916 vart kommunen delt i tre kommunar – Moster, Bømlo og Bremnes. 1. januar 1963 vart dei slegne saman til dagens Bømlo kommune med rådhuset plassert på Svortland. I 1995

vart Bømlo kommune tillagt øyane Aga og Agasøster i aust og Gisøy og Vikøy i nord frå Fitjar kommune, då desse fekk brusamband med resten av Bømlo.

Folketalet i Bømlo er stadig aukande, og 50-årsjubilanten kan syne til eit usedvanleg mangfald av livskraftige verksemder innan nærings-, kultur- og lagsliv der fleire er jubilarar i 2013. Bømlo Teater og lokalavisa Bømlo-nytt er 40 år, Mostraspelet 30 år og det ungdommelege krafttaket mot kreft «Løp for livet» er 25 år for å nemna nokre av dei. Difor nemninga «Bømlo 2013», for eit jubileumsår som femner fleire enn kommunen aleine.

I jubileumshelga 31. mai til 2. juni på Moster vil du kunne oppleve mangfaldet og den høge kvaliteten du forventar med kulturopplevingar og mat frå Bømlo – heimstaden for driftige folk i vakker natur.

Billetter vert å få kjøpt på www.bomlo.net og i billettua ved inngongen til Moster Amfi.